



HJELMELAND
KOMMUNE

Bondeposten

2/2025 – 31. årgang



Innhold

Bondens nettverk	3
Viktige datoar	4
Produksjonstilskot – søknadsfrist 15.10.....	5
RMP – regionalt miljøtilskot – søknadsfrist 15.10.	5
Ny forskrift om gjødselbruk.....	6
Gjødsellager - tilsyn	7
Investeringsmidlar (IBU) frå Innovasjon Norge	8
Avløysing ved sjukdom mv	9
Midlertidige flyfoto	9
Mjølkekvotar	9
Jakt.....	9
Kurs/møte.....	10
Informasjonskveld – 2. oktober kl 16.30-20.00 Spinneriet på Hjelmeland.....	10
Autorisasjon plantevern	10
Autorisasjonskurs gnagarmidlar	10
Kommuneplan – arealdel	11
Kapasitet på plan- og forvaltning.....	11



BONDENS NETTVERK

Hjelmeland kommune

Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klårt når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpa med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.

Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:

Anne Kari Skogerbø : 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk

Anita Jensen: 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving

Sven Gil Westersjø : 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit

Marta Ommundsen : 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse

Gunnar Bø: 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Teieplikta vil bli ivareteken.



Hva er Bondens nettverk?

Bondens nettverk består av kjente støttespillere og ressurser rundt et gårdsbruk som stiller opp dersom bonden ønsker det.

Nettverket jobber systematisk og består av lokale aktører som har tilknytning til landbruket.

De tilgjengelige ressursene finnes på en oversikt som ligger på kommunens nettsider. Oversikten inneholder kontaktinformasjon til alle aktørene.

Bondens nettverks ressurser kan kontaktes av bonden selv eller andre som er bekymret for bondens situasjon og helse.



Da kan en bonde som trenger hjelp eller noen på bondens vegne, velge den i nettverket de ønsker hjelp av.

Aktørene i nettverket kjenner til hverandre og kan hente inn riktig kompetanse ut fra behov og etter bondens samtykke.

Det er kun de aktørene som det er aktuelt for bonden å få hjelp av, som vil kjenne til den aktuelle saken.



«Alle som tar kontakt med noen i nettverket skal få hjelp.»

Hvorfor Bondens nettverk?

Formålet med Bondens nettverk er å forebygge og legge til rette for god psykisk helse i landbruket, samt være et sikkerhetsnett hvis en ulykke rammer en bonde.

Viktige kjennetegn ved nettverket er:

- Lav terskel for å ta kontakt.
- Bryr seg på en positiv måte.
- Tilgjengeliggjør en oversikt over ressurser som kan bistå når behovet oppstår.
- Bevisstgjør og alminneliggjør at alle kan komme utfør en krise.

Hvem kan benytte nettverket?

Alle bønder kan få hjelp av Bondens nettverk.

Alle kan ha en vanskelig dag eller periode på jobben, og bønder opplever de samme utfordringene som resten av samfunnet. Det kan være livssituasjoner som skilsmisser, sykdom, stress og vanskelig økonomi. En livssituasjon som oppleves vanskelig kan gi negative tanker, og det er heldigvis blitt vanligere å snakke om det.

Taushetsplikt

All informasjon som Bondens nettverk mottar behandles konfidensielt i nettverket. Det er kun den som ringer på vegne av seg selv eller andre, som kan gi fullmakt til å innhente bistand fra andre aktuelle instanser/ressurser.

Viktige datoar

1. mars	teljedato produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist produksjonstilskot del 1
15. mars	søknadsfrist organisert beitebruk – tiltak i beiteområde
29. mars	Siste frist for eventuelle endringer i innlevert søknad om prod.tilskot del 1
15. april	Søknad om kommunalt tilskot til næringsføremål
10. aug	siste frist for spreiiing av husdyrgjødtsel dersom ein søkjer om miljøvennleg spreiiing
1. sep	siste frist spreiiing av husdyrgjødtsel viss ikkje søkjer RMP miljøvennleg spreiiing
(15. sept ny forskrift i 2025, Statsforvaltar varslar lokal forskrift med frist 1. sept for alle i Rogaland)	
1. okt	Teljedato produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist produksjonstilskot del 2
15. okt	Søknadsfrist RMP
15. okt	Søknadsfrist kommunalt tilskot til næringsføremål
29. okt	Siste frist for endring av søknad – produksjonstilskot del 2 og RMP
31. okt	Frist for søknad erstatning ved produksjonssvikt
1. nov	Frist søknad erstatning for sau drepen av freda rovvilt (miljødirektoratet)
15. nov	Søknadsfrist organisert beitebruk

Hjelmeland har ikkje søknadsfrist for SMIL-midlar eller tilskot til drenering. Men skal ein få saka med på det kalenderåret ein søkjer, bør du sende inn søknad seinast i starten av november.

Produksjonstilskot – søknadsfrist 15.10



Dyr på beite

Registreringsdatoen er 1. oktober. Fom denne dagen er det mogleg å søkje om produksjonstilskot. Søknadsfristen er 15. oktober. Dersom du har sendt inn søknad innan 15. oktober kan du gjere endringar fram tom 29. oktober. Dersom du søker etter 15.10 får du kr 1000,- i avkorting pr dag etter frist. Etter 29. oktober blir det avslag på søknad dersom du ikkje får dispensasjon frå søknadsfrist. Husk å sjekke kvittering for innsendt søknad i Altinn.

Husdyrregisteret – oppdater husdyrregisteret fortløpande. Kommunen sjekkar søknad om produksjonstilskot mot husdyrregisteret.

Mjølkekyr og ammekyr du søker produksjonstilskot til skal ha kalva siste 15. md.

Har du endringar i arealet sidan sist skal endringa godkjennast av kommunen, og gardskartet oppdaterast. Du må sjølv gjere endring av tala i søknadsskjema.

Avløysarutgifter – ordninga er ei refusjonsordning, du søker om refusjon av utgifter du har hatt til avløysing i tilknytning til husdyrhaldet. Du kan sjølv vere arbeidsgivar, du kan ha avløysar som blir løna via avløysarlaget, eller du kan kjøpe tenester frå andre føretak. Dersom du har kjøpt tenester frå andre føretak må faktura vise kva som er arbeidstid du har kjøpt. Har du for eksempel kjøpt rundballing så må det stå spesifikt på faktura kva som er kostnad med arbeid person, det kan ikkje vere ein sum pr rundballe, eller ein timepris som gjeld både arbeid og maskin, for at du skal få refundert utgiftene.

Har du spørsmål i samband med søknad, ta kontakt! Det er mogleg å skrive merknad i merknadsfeltet i søknaden.

RMP – regionalt miljøtilskot – søknadsfrist 15.10.

Ordninga opna for søknadar 15. september. Søknadsfrist er 15. oktober (15. november for beitelaga). Dersom du har sendt inn søknad innan søknadsfrist kan du gjere endringar til 29. oktober.

Statsforvaltaren i Rogaland har samla all informasjon [om RMP søknadsomgangen 2025](#). Her er informasjon både til søkerane og kommunen.

Her er og [retteleiing om korleis du leverer søknad om RMP-tilskot elektronisk](#). Her er tips til rekkefølge på teikning, import av godkjenningar frå tidlegare år, korleis endre søknad dersom du har sendt inn og vil endre, eller du har mellomlagra og vil fortsette søknaden, og andre kjekke

tips. **Landbruksdirektoratet oppfordrar alle å søkje tidleg**, og elektronisk.

Landbruksdirektoratet har i år gjennomført ei større oppdatering av systemet, så dei håpar det handterer pågangen av søknader som er venta. For å unngå problem med stor pågang på tampen av søknadsomgangen, håper dei at kommunane oppfordrar søkerane å starte på søknadane tidleg.

Ny forskrift om gjødselbruk

Ny gjødselbruksforskrift gjeld frå 1.2.2025. Her står meir om dette på [nettsida til](#)

[Landbruksdirektoratet](#). Noko gjeld frå 01.02.2025, andre ting har overgangsordning.

Her er framleis krav til tilstrekkeleg lagerkapasitet slik at husdyrgjødsel kan lagrast fram til spreieing eller anna lovleg omsetjing. Lagerkapasiteten skal minimum omfatta 8 månaders eigen produksjon av husdyrgjødsel.

Spreietidspunkt – fleire inndelingar i regionar. Hjelmeland kommune er i saman med fleire kommunar omfatta av § 15 pkt. 4. Spreietidspunkt vil vere frå 1. mars tom 15. september. Det skal haustast eller etablerast plantevekst etter siste spreieing. Det er ikkje tillat å spreie på snødekt eller frossen mark. Silosaft kan spreiest tom 15. september.

Statsforvaltaren i Rogaland har hatt ei lokal forskrift ute på høyring, der dei ønskjer same spreiefrist i bortimot heile Rogaland, inkl. Hjelmeland. Dei ønskjer at siste frist for spreieing er 1. september, slik som det har vore tom 2024, og slik det er i mange andre kommunar i Rogaland. Høyringsfristen var 10. september. Eventuelle endringar i spreiefrist vil i praksis gjelde fom neste år.

Spreieareal – spreieing kan skje på fulldyrka og overflatedyrka jord. Kommunen kan etter søknad godkjenna innmarksbeite som spreieareal. Det kan ikkje tilførast gjødsel på jordbruksareal som ikkje haustast eller beitast.

Vegetasjonssone – ved spreieing på innmarksbeite skal avstand til vassdrag vere minst 6 m målt frå ytterkant av utstyret sin normale rekkevidde.

Avgrensing i tilførsel av forfor (P) på jordbruksareal. § 20. Ein kan tilføra P utifrå krav til fosforbalanse eller norm i forskrifta. Mengda P ein kan tilføra pr år vert gradvis redusert i perioden fram til 2033.

På innmarksbeite godkjent som spreieareal kan det tilførast mak 2 kg P/da pr år – fom 2025!

Normtal for forventa mengde fosfor (P) pr individ for ulike dyreslag gjeld fom 2025. Her er **store** endringar hjå enkelte dyreslag. Totalt P du kan tilføre er sum av husdyrgjødsel og kunstgjørsel.

Landbruksdirektoratet har laga ein [fosforkalkulator](#) der du kan sette inn dyreslag, tidsperiode osv., og så kan du sjå kva krav her er til spreieareal og korleis du ligg an med ditt dyretal. Du kan og legge inn mineralgjødsel i kalkulatoren.

Gjødslingsplan

Den som disponerer og gjødselar meir enn 25 da pr år, eller meir enn 5 da poteter eller grønsaker som er særleg fosforkrevjande, skal ha ein gjødslingsplan. Planen skal vere klar før vekstsesongen startar og justerast etter behov dersom vekstforholda avvik frå forutsetningane då planen blei laga.

Planen skal innehalde kartskisse som viser arealinndeling, og det skal vere opplysningar om tal

da, jordprøveresultat, forgrøde, årets vekstar, forventet avling, gjødslingsbehov for N og P pr da, kva gjødselslag ein reknar med å bruke og planlagt tilførsel av P og N i mengde pr da oppgitt i kg. Jordprøvane skal ikkje vere eldre enn 8 år.

Gjødslingsplanen skal seie noko om eventuelt overskot av gjødsel og korleis det skal handterast. Gjødselplanen skal oppbevarast og kunna leggst fram for eventuell kontroll i minst 5 år etter aktuelt kalenderår.

Gjødseljournal

Alle som brukar gjødselvarer skal føre gjødseljournal som gjer oversikt over, kva type og mengde gjødsel det er gjødsla med, på kva for eit areal og kva tidspunkt, mengde P og N som er tilført det enkelte areal og kva mengde P og N det totalt er tilført. Opplysningane skal kunna leggst gram for kontroll seinast 1. november i aktuelt år, og skal oppbevarast i minst 5 år.

Nye krav til gjødselplan og gjødseljournal gjeld f. om 2026.

Spreieareal – digitalisering – temakart-Rogaland

I sommar har me hatt sommarvikar som har digitalisert ferdig gamle godkjenningar av beite som spreieareal. Dei fleste godkjenningane er frå 1990-talet, men her er og enkeltgodkjenningar heile tida etter det. Me har lagt inn det som vart godkjent i dei ulike vedtaka, nokon av felta har me tilpassa litt til dagens innmarksbeitefigur, slik at me har justert teigen litt større eller mindre slik at det passar naturleg til dagens beitefig. Me har gjort enkelte justeringar dersom me ser at beite har mykje oppslag av skog, her kan det framleis vere beite, men ikkje alltid spreieareal. Me har ikkje tatt med alt innmarksbeite som spreieareal hjå dei som berre har fått godkjent noko beite som spreieareal. Dette fordi ein skal vurdere tilkomst, avbeiting mm før areal vert godkjent som spreieareal. Det er heller ikkje sikkert at alt innmarksbeite er aktuelt som spreieareal.

Godkjenningane som er digitalisert har ein avstand på 6 m til vassdrag jf. nye vilkår. Me veit at her er komne inn fleire søknadar om beite som spreieareal som det ikkje er gjort skriftleg vedtak på, og dermed heller ikkje teikna i kart pr nå. Me skal prøve å følgje opp og ajourføre etter kvart. Sommarvikaren har slutta og det blir redusert kapasitet ei stund på avdelinga pga pensjon, utskifting i leiinga, arbeid med kommuneplan osv. Du finn kartet her: <https://www.temakart-rogaland.no/spreieareal>

Når det gjeld dispensasjon for å bruke gjødsel i ein avgrensa periode til å etablere nytt innmarksbeite, er her gjort fleire vedtak om dette. Desse er ikkje med i spreiearealoversikten i temakart, pga der kan det berre teiknast inn spreieareal i areal som allereie er godkjent som innmarksbeite. Evt. godkjenning av juletreffelt som spreieareal kan heller ikkje teiknast i temakartet.

Gjødsellager - tilsyn

Me vil minna om regelverket som gjaldt tom januar i år. Forskrift om gjødselvarer mv med organisk opphav.

Mange av eksisterande gjødsellager er bygd i den perioden denne forskrifta har vore gjeldande.

Her står bla i § 19: *Krav til ulike lagertyper*

Lager for flytende gjødselvarer skal ha tette konstruksjoner i golv, vegger, porter, luker,

uttappingsrør, spjeld m.m. Landkummer skal i tillegg utstyres med tak eller flytende dekke. Gjødseldammer skal ha tett bunn. I gjødseलगroup for sau og gjødseलगroup for pelsdyr mv. skal bunn, sider og port være tette.

Gjødseलगroup og dammer skal ha tilstrekkelig helårssikring. Gjødseलगroup med vegg som når mindre enn 1,5 meter over terreng, og alle gjødseلدammer, skal ha gjerde slik at samlet høyde fra terreng til toppen av gjerdet er minst 1,5 meter. Kumvegg som når mer enn 1,5 meter over terreng, skal ha klatreavviser på toppen. Kummen skal utstyres med innvendige stigetrinn eller andre redningsinnretninger.

Gjødseलगroup med mer enn 25% tørrstoff, og som omdannes under lagringsperioden, kan lagres direkte på bakken. Slike hauger skal skjermes mot overflatevann. Kommunen kan stille krav om skjerming mot nedbør.

Hjelmeland kommune har ein tilsynsplan i høve til plan- og bygningslova. Revidert plan seier at ein skal ha tilsyn med gjødseलगroup. Både tryggleik i forhold til sikring (høgde, gjerde, stigtrinn ol), og forureining (lekkasje/avrenning), skal kontrollerast.

Ila. vinteren vil Hjelmeland kommune koma på tilsyn av gjødseलगroup på nokon gardar. Planen er å prioritere gjødseलगroup i område som ligg nær sårbare vassdrag/vassdrag, der konsekvensen ved eventuell forureining er størst. Det vil bli gitt beskjed om kontroll nokon dagar før me kjem.

Me vil elles minna om at det er mogleg å søkje om SMIL-midlar til permanent dekke/tak på gjødseलगroup. Statsforvaltaren har i 2025 sagt at ein skal prioritera å få tak på gjødsla, og skissert at kommunane kan bruke SMIL-midlar for å redusere faren for tap av næringsstoff til luft. Med tak får ein og auka kapasitet (slepp å lagra så mange meter med vatn), og det kan og vere ein måte å sikra lageret på. Eit vilkår for å få tilskot til tak er at lageret har vore i bruk i minst 5 år.

Investeringsmidlar (IBU) frå Innovasjon Norge

Det er stor etterspurnad etter investeringsmidlar frå Innovasjon Norge. Det ligg allereie ca. 20 mjølkeprosjekt på vent til behandling når midlane for 2026 vert tilgjengelege. Ein skal framleis prioritere mjølkeprosjekt. Rogaland er eit særskild viktig husdyrfylke og det har, og vil bli, prioritert noko midlar til anna enn mjølkeprosjekt.

Siste året har omlegging til SPF-besetning blitt prioritert, med ein sats på inntil kr 500 000,-. Dette har utløyst ei viktig satsing på dyrevelferd innanfor svinproduksjon i Rogaland og partnerskapet er einige om å fortsetje same praksis så lenge midlane rekk og i 2026.

Som venta i eit stort husdyrfylke som Rogaland er det nå konkrete planar om større biogassanlegg. Saman med nytt regelverk for husdyrgjødseलगroup, gir dette stort investeringsbehov for nye gjødseलगroup, noko Innovasjon Norge og må prioritere vidare. Dei vil og gi støtte til forprosjekt mjølk for å sikre god planlegging, samt gode tilleggsnæringsprosjekt som har stor effekt for garden.

Når det gjeld andre produksjonar enn mjølk ut over det som er nemnt over, er det allereie så mange søknader på vent at det uansett ikkje vil vere midlar til å imøtekomma dei i 2026. Meir om ordninga og prioriteringane finn du på [Statsforvaltaren si nettside](#)



Avløysing ved sjukdom mv

Når det gjeld ferie- og fritidsavløysing gjeld avløysarrefusjonsordninga berre dei som har husdyr. MEN når det gjeld avløysing ved sjukdom omfattar ordninga òg dei som driv med planteproduksjon: korn, potet, frukt og bær, grønsaker og honning. Ordninga er ei refusjonsordning, dvs. at ein kan få refundert utgifter til avløysing, inntil ein viss dagsats. Dagsatsen blir rekna ut pr da frukt, bær mm ein hadde, tal bifolk eller pr kvm veksthus på tidspunktet ein blei sjuk e.l. i plante/honningproduksjon, og pr dyr ein har på sjukemeldingstidspunktet når ein har husdyr. For planteproduksjon er det avløysing i onneperioden ein kan få refundert utgifter for – i den perioden ein må ha hjelp som erstattar for den sjuke. Onnetida reknast som periode frå 15. april til 1. oktober.

Det står meir utfyllande i rundskrivet om ordninga – 2025/3:

Det kan imidlertid være behov for avløsning også tidligere og senere på året, fordi vekstsesongene har blitt gradvis utvidet. For eksempel er det blitt mer og mer vanlig med tidlig våronn. Kommunen har derfor mulighet til å godkjenne om perioden foretaket søker om tilskudd for, kan regnes som onnetid selv om den er utenfor dette tidsrommet.

Tilskudd kan gis for den delen av året da jordbrukeren er daglig sysselsatt med planteproduksjonen på en slik måte at det raskt vil oppstå behov for avløsning for å holde drifta i gang dersom han ikke kan utføre det planlagte arbeidet. Dette er typisk fra jorda bearbeides om våren til og med siste innhøsting eller jordbearbeiding om høsten. I forbindelse med pakking av frukt og grønsaker på høsten kan det muligens oppstå behov for avløsning som kan gi rett til tilskudd, men det er ikke meningen at tilskudd til avløsning skal gis for pakking og sortering som skjer gjennom hele eller store deler av vintersesongen og som på et vis kan sees på som en egen virksomhet som like gjerne kunne vært utført av f.eks. et pakkeri.

Her er eit tak på kor høg dagsatsen kan bli, sjølv om du har større produksjon enn dette. Maksimal dagsats er i 2025 kr 2600. For søknadar som startar etter 1. januar 2026 blir maksimal dagsats kr 2700,-. For bønder som får barn blir det innført eigne høgare dagsatsar. Denne gruppa kan ta imot opptil kr 3050,- pr dag ved avløysing ved svangerskap, fødsel, adopsjon og til omsorgsovertaking av barn.

Søknadsfristen er innan 1 år frå siste dag du har rett på refusjon. Husk å sende inn krav til NAV innan fristen på 3 månadar dersom du er sjukemeldt utover 16 dagar (arbeidsgivarperioden).

Midlertidige flyfoto

Det blei flyfotografert i delar av Hjelmeland i april 2025. Desse flybilda er tilgjengeleg på norgeibilder.no – kryss av for «Ryfylke midl 2025». Nye flyfoto skal bli nytta i gardskart mm innan utgangen av dette året.

Mjølkekvote

Disponering av grunnkvote. Det er eigar av landbrukseigedom som må registrere kva føretak som skal produsere på kvoten neste år. (Dette gjeld bla v/bortleige av mjølkekvote, kjøpt grunnkvote frå privat seljar mm). **Frist for å registrere disponering er 15. desember.** Dersom her ikkje er endringar, treng ein ikkje registrere noko.

Jakt

Jakta på hjort og rådyr er i gang, og her kjem nokre ting å hugse på for jegrar og jaktleiarar:

- Ettersøk: Blei det bom? Nei, har du skote mot dyr skal ein alltid gå ut i frå at dyret er truffe. Det skal gjerast ettersøk dersom det ikkje er mogleg å konstatere at skotet var eit bomskot. Hugs at jaktlag eller jegrar som jaktar aleine skal ha tilgang til godkjent [ettersøkshund](#). Dersom jaktlaget ikkje har slik hund med under jakta skal ein gjennom skriftleg avtale ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Hugs at ein ikkje kan fortsetje jakta før ettersøk er ferdig gjennomført. Det er først når ein har funne dyret, eventuelt når kommunen har overtatt søket og godkjent søket avslutta. Meir informasjon om plikter i forhold til ettersøk finn du [her](#).
- Rapportering – hugs at jegrane skal rapportere kva dei ser og kva som blir skote undervegs i jakta. App for elektronisk rapportering finn ein på [settogskutt.no](#)

Kurs/møte

Informasjonskveld – 2. oktober kl 16.30-20.00 Spinneriet på Hjelmeland

Kor og korleis søke støtte til kulturminne?

Informasjonskveld om aktuelle støtteordningar til verneverdige bygg. Det blir og gjennomgang av korleis ein kan gå fram for å hente fram informasjon om sitt eige bygg frå ulike kjelder, og praktiske råd om restaureringsprosessar. For huseigarar, handverkarar, sakshandsamarar og andre interesserte. Kurshaldarar er representantar frå Fortidsminneforeninga og Ryfylke bygningsvernssenter, samt representantar frå støtteordningar som Rogaland fylkeskommune, Statsforvaltaren og Kulturminnefondet.

Målgruppe: Huseigarar, handverkarar, sakshandsamarar og andre interesserte.

Stad: Spinneriet, Hjelmeland

Tid: 2. oktober kl. 16:30 – 20:00

Påmelding: Påmelding innan 28. september til byggningsvernssenter@ryfylkemuseet.no

Påmelding er bindande etter påmeldingsfrist. Eventuelle spørsmål kan rettast til same e-post.

Kurshaldarar: Grete Holmboe, Simen Bie Malde, representantar frå støtteordningar

<https://ryfylkemuseet.no/hending/informasjonskveld-2-okt-16-30-20-00-i-hjelmeland/>

Autorisasjon plantevern

NLR, norsk landbruksrådgiving har kurs utover hausten:

Bryne – både fornying og første gong, både i november og januar.

Teams 13.11.25

Haugesund, Ølen og Helleland – november, januar, februar

For dei som skal fornye autorisasjonen kan ein og gjere det på Mattilsynet si nettside:

<https://www.mattilsynet.no/planter-og-dyrking/plantevernmidler/autorisasjonsbevis-for-plantevernmidler/autorisasjonskurs-for-fornyng-av-bevis>

Autorisasjonskurs gnagarmidlar

NLR held kurs på Hjelmeland, Spinneriet, 18. november kl 8.00 – 15.30 inkl. eksamen.

Det kjem snart meir informasjon på NLR si nettside, med informasjon om påmelding mm.

Kommuneplan – arealdel

Arbeid med revisjon av Kommuneplanen sin arealdel er nå i gong.

Kommuneplanen sin arealdel er ein plan som består av eit plankart og eit sett med føresegner, og er ein plan som er bindande for arealbruken. Planen omfattar alt areal i heile kommunen, både land og sjø.

Arealplanen heng saman med Kommuneplanen sin samfunnsdel, som kommunestyret vedtok i juni 2025. Der blei det vedtatt ein arealstrategi, som er eit sett føringar for korleis arealdelen skal bli.

Kommunen har vore rundt i alle grendene og informert om planarbeidet. Gjekk du glipp av dette, så finn du presentasjonane frå møte på kommunen si nettside;

<https://www.hjelmeland.kommune.no/>

Der finn du òg meir informasjon om planarbeidet; om prosess/framdrift, om kva type plan det er, om gjeldande plan og korleis du kan kome med innspel. Du vil òg finne link til eit innspelsskjema. **Frist for å sende innspel til planarbeidet er 10. desember 2025.**

For kommuneplanarbeid vil det ikkje bli sendt ut varsel til kvar enkelt innbyggjar/grunneigar. Dette er ein grov oversiktsplan, og du må sjølv følgje med på kunngjeringar om politiske møte, høyringar og fristar. Nyheiter som blir lagt ut på nettsida vår kan du få meldingar om via Innbyggjar-appen.

Kapasitet på plan- og forvaltning

Leiar på plan og forvaltning; Haldis K Nilsen, går av med pensjon 1. november. Jobben er lyst ut, men her er ikkje tilsett nokon enda.

Kommunalsjef samfunn og næring Jone Fuglesten, har sagt opp og skal jobbe til desember, og stillinga er lyst ut. Det vil ta tid før her er nokon tilsett i desse stillingane. Torborg Kleppa er konstituert i stillinga som leiar på plan – og forvaltning frå Haldis sluttar til ny person er tilsett. Kommunen jobbar bla med kommuneplan, arealdel fom nå i haust. Dette er tidkrevjande arbeid. Alt dette mm gjer at her er færre folk og meir arbeid, så kapasiteten er redusert og du må rekne med lengre saksbehandlingstid.